

Referat frå Campusmøte Sogndal

Dato: 24.05.2024

Tid: Kl. 11.00-13.00 (inkl. lunsjpause)

Stad: Teams

Deltakarar:

Medlemmer: Sigurd Sandvold (leiar), Monica Wammen Nortvedt (nestleiar), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Frode Fretland (FLKI), Øyvind Midtbø Berge (FTMS), Tone Skjerdal (samfunnskontakt og sekretær)

Forfall: Nils-Werner Strypet og Joar Våge Anspach (studentrepresentantar)

Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 minutt
2/24	Nytt mandat for campusmøtet. Informasjon	Møteleiar	10 minutt
3/24	Aktiv læring: Læringsareal til varierte undervisningsformer	Møteleiar og Haakon Georg Moe	30 minutt
4/24	Møteplan 2024	Møteleiar	10 minutt
5/24	Eventuelt	Møteleiar	20 minutt

1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Feil dato på innkallinga. Innkallinga vert utsend 16.5.24.

Leiar melde inn ei ny sak: Innspel til saker.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

2/24 Nytt mandat for Campusmøtet. Informasjon

Møteleiar orienterte. Det er fastlagt eit tydelegare ansvar for å ta råda vidare. Det er òg opna for at arealsaker kan takast opp der dei er relevante for fagleg utvikling. Dersom det trengs, kan det innkallast til ekstra campusmøte utover dei tre som er fastsett.

- Det er viktig at det vert gjort godt kjent at alle tilsette og studentar kan gje innspel til Campusmøtet.
- Medlemmene må ha felles eigarskap til saklista
- Sakene må meldast i god tid i forkant slik at det vert tid til for medlemmene å setja seg inn i sakene, og kunna gje så konkrete og gode råd som mogeleg

- Det er viktig med gjennomslag i enkeltsaker for at det skal gje meining å melda inn
- Campusmøtet kan diskutera campuseffektar og -implikasjonar av vedtak som vert gjort på fakultets- og rektornivå
- Enkelte saker kan ein avgjera i Campusmøtet utan at å gje råd vidare
- Det bør vera eit mål om at dekanane og rektor ber om råd frå Campusmøtet
- Oppsummering (kort årsrapport) i slutten av året med vurdering av arbeidet

Framlegg til vedtak:

Innspele vert tekne med i det vidare arbeidet i Campusmøtet.

3/24 Aktiv læring: Læringsareal til varierte undervisningsformer

Prosjektleiar Haakon Georg Moe orienterte om status med læringsarealet i «Mølla» i Fossbygget. Prosjektgruppa har hatt med studentar, tilsette frå alle fakulteta og fellesadministrasjonen. Statsbygg er godt i gang med arbeidet, og er vonaleg ferdige til sommaren. Møbleringa vert mellombels i haust. Innkjøpsprosess for inventar må startast på nytt sidan HVL har inngått ny rammeavtale. Det faste inventaret skal etter planen vera på plass til jul.

Målet er å utvida det pedagogiske læringsrommet, og få studentane til å bli på campus større delar av dagen og driva med læringsprosessar.

Finansiering: Investeringsmidlar frå FLKI desember 2022 var øyremerka eit fleksibelt undervisningsrom i Sogndal. ADU bidreg med prosjektleiing.

Spørsmål om FLKI skal ha førsterett til å bruka det sidan dei har finansiert det. Dette må ein finna rimelege løysingar på.

Det nye læringsarealet er ein pilot inspirert frå «utlandet» og kan bli eit fint utstillingsrom.

Framlegg til vedtak:

Campusmøtet oppmodar om å laga ei nyheitssak om arbeidet med læringsarealet, og løfta fram den samla innsatsen for å få dette til. Vidare vert det viktig med felles ansvar for å ta arealet i bruk på gode måtar.

4/24 Innspel til saker framover

I samband med nedlegging av Fjorbok:

- Lokala til Fjorbok. Kan Campusmøtet ha aktiv rolle i framtidig bruk?
- Ordningar for bestilling av pensumlitteratur

Fagleg organisering fører til at campusrelevant informasjon ikkje kjem fram til tilsette som ikkje har leiar på campus. Kan ein ha campusansvarlege leiarar?

Årshjul for campusaktivitet, der forskingsdagane, open dag og andre større arrangement vert synleggjort og informert om.

Aktiv læring. Utvikla ein strategi for korleis ein kan jobba med dette. Dela erfaringer, jobba med konkrete tiltak og gje råd vidare. Tverrfakultær arbeidsgruppe.

Studentrekruttering, rekrutteringsstrategi

Framlegg til vedtak:

Innspel til saker vert tekne med til vidare arbeid i Campusmøtet

5/24 Møteplan 2024

Det skal vera to fysiske og eit digitalt møte i året, med to møte om våren og eit om hausten.

Framlegg til vedtak:

Campusmøte Sogndal fastset følgjande møteplan for 2024 og våren 2025:

- Digitalt møte 24. mai kl. 11-13
- Fysisk møte 11. september kl. 12.30-15
- Fysisk møte februar
- Digitalt møte mai

6/24 Eventuelt

Statsrådsbesøk i Sogndal 28. mai (55 minutt). Tema: Universitetssøknaden, studentrekruttering, fleircampusinstitusjonar, aktuelle saker for studentane, Nattergalen (mentorordning for studentar på barnevern og sosialt arbeid), gamingsenteret og læringslabben.